

Ordføreren sitt hjørne – september 2015



Torsdag er det siste møtet for det noverande kommunestyret. 4 år går fort, men ser ein bakover er det mange saker og saksfelt som har vore til handsaming. Folketalet har auka med ca 200 på desse åra , og næringslivet er på god veg framover. Det er arbeidsløyse under snittet på landsbasis, og dei kommunale inntektene ligg litt over snittet. Fylkesmannen sin tilstandsrapport syner at Hemsedal kommune kjem godt ut på dei fleste målingar på tenestenivå. Kommunen si rolle som tilretteleggjar, og dyktige innbyggjarar til å gjennomføre, har vore eit godt samspel over lang tid. Det må me ta vare på!

Sakslista til kommunestyremøtet denne gongen er ikkje veldig lang. Det er ei reguleringsplan for slutthandsaming , og det er ein planførespurnad, dvs om ein privat aktør kan starte planarbeid der utnytting i ny plan ikkje er i tråd med føremålet i kommuneplanen. Det er òg ein søknad om fortetting med fleire tomter i eit eksisterande hyttefelt.

Kommunestyret har denne gongen som sak ein uttale som er til høyring. Det er regjeringa sitt framlegg til endring av reglar for eigedomsskatt for verk og bruk. Det blir der føreslege å frita produksjonsutstyr og installasjonar i kraftverk frå eigedomsbeskatning. I kraftverka er dette utstyr som er heilt nødvendig for å kunne produsere straum. LVK (Landssamanslutninga for Vassdragskommunar) har gjeve ein uttale på vegne av dei 173 medlemmene. For Hemsedal vil denne endringa i regelverket føre til 1.25 millionar kroner i tapte inntekter. Totalt på landsbasis er det store summer som blir overført frå distriktskommunane og over til Staten og kraftverka. Det er eit anslag på heile 1,7 milliard som er inntektsbortfallet for kommunane samla. Uttalen hevdar at dette er eit klart brot på samfunnsavtala ved utbygging, der ein rettmessig del av inntektene skal ligge att kommunen der inngrepet har skjedd. Eigedomsskatt er den einaste kommunale skatten som er utanom staten sitt inntektssystem, og som tilfelle den kommunen der kraftutbygginga er gjort. Det andre hovudpunktet i uttalen frå LVK peikar på at store summer blir overført frå kommunane og til staten. Framlegget til vedtak er at kommunen støttar LVK si uttale.

Framtidig barnehage- og skulestruktur i Hemsedal skal opp til vedtak på dette kommunestyremøtet. Det har vore ein lang prosess, og rådmannen la fram saka i vår. Livsløp gjorde tilråding i junimøtet. Fleirtalet der tilrår full sentralisering av skulen på Trøym, og barnehagar på Ulsåk og Tuv. Eit mindretal tilrår at det blir arbeid vidare med 2 modellar. «Dagens modell med oppvekstsenter på Tuv og Ulsåk og sentralskule for 5-10 klasse, og sentralskule frå 1-10 klasse lokalisert ved HBU og barnehagar på Tuv og Ulsåk.»

Dette er ei stor og viktig sak for Hemsedal. Låge fødselstal dei siste 3 åra har gjort at me har fått ein pustepause i utbygging av nye barnehageavdelingar, men det er viktig at dei strategiske val blir gjort no så ein får tid til å planlegge framtidige utbyggingar. Det er store investeringar som må gjerast framover uansett kva modell som blir valt. Tidspunktet for når investeringane må gjerast varierer noko.

Måndag 14. september er det kommuneval. Førehandsrøystinga starta 10. august , og det er høve til å førehandsrøyste til og med fredag 11. september. I denne kommuneposten står det litt om reglar for røysting, les det. Der er det forklart korleis ein kan nytte stemmesedelen for å gje kandidatnar stemmetillegg (kumulere) og føre over kandidatnar frå andre lister. Eg vil få syne til dette og ynskje alle eit godt val!

Bruk stemmeretten din!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører
(sign.)